



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Komite for næring, kultur og idrett
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Møterom 1. etasje
<b>Dato:</b>	09.04.2018
<b>Tid:</b>	15:00 – 16:30

---

### Medlemmer som møtte:

Hilde Marie Brungot	Medlem	H
Knut Johan Voldsund	Nestleder	FRP
Henry Jøsokbakke	Medlem	V

---

### Forfall:

Stig Arne Helsem Sævik	LEDER	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	MEDL	H
Reidun S Myrvågnes	MEDL	AP
Bjarne Kvalsvik	MEDL	FOLK/SP

---

### Varamedlemmer som møtte:

Ove Stenersen	Stig Arne Helsem Sævik	FRP
Marthe Vågsholm Sævik	Janne-Katrin Hansen Sævik	H
Leiv Aarflot	Reidun S Myrvågnes	AP

---

### Andre:

Kulturleiar Eileen Gjerde

Til å skrive under protokollen saman med nestleiareren vart desse valde:  
Marthe Vågsholm Sævik og Ove Stenersen

### Bestillingar til neste møte:

Orientering v/eigedomsleiareren om organisering av eigedomsmassen.  
Vil kome med ei innstilling til komiteen.  
Orienterer arbeidsgruppa for saka, samt komiteen.

Orientering v/leiar samfunnsutvikling om auka kompetanse/bevisstheit/tiltak på samfunnssektoren.  
Sak til kommunestyret? Initiativ?  
(Kystbyen Wales) (ei båtlengd føre)

**Drøftingar:**

Revisjon av rekneskap ifm. Tildelingar tilskot.

Komiteen tilrår at dette vert teke inn i retningslinene for kulturmidlane.

**Merknad:**

Komiteen ynskjer tilsendt heile saka vedk. Jensholmen Nord, jfr. RS-5/18.

---

underskrifter

Marthe Vågsholm Sævik

Knut Johann Voldsund

Ove Stenersen

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/18	Protokoll frå førre møte
PS 3/18	Referatsaker
PS 4/18	Søknad om kulturtilskot - Eingongsinvestering/prosjekt, Herøy janitsjar
PS 5/18	Søknad om kulturtilskot - eingongsinvesteringar, Remøy og Sævik Bedehus
PS 6/18	Søknad om kulturmidlar - eingongsinvesteringar/prosjekt, Horisonten til veggjar og himmelen til tak
PS 7/18	Søknad om kulturmidlar - underskotsgaranti, konsert i Herøy kyrkje 11. mai 2018  Referatsaker
RS 1/18	Varsel om oppstart og utlegging av planprogram til offentleg ettersyn
RS 2/18	Tilskot til kulturhelg i Molde 2017
RS 3/18	Tilskot til 17.mai 2017 på Bergsøy
RS 4/18	Tverrfagleg plan 2018 - 2022 - oppvekstvilkår barn og unge
RS 5/18	Jensholmen nord - krav om lovlegheitskontroll.

## **PS 1/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

## **PS 2/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå førre møte låg ikkje ved. Feil protokoll var lagt ved.

## **PS 3/18 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitende.

## **PS 4/18 SØKNAD OM KULTURILSKOT - EINGONGSINVESTERING/PROSJEKT, HERØY JANITSJAR**

### **Møtebehandling:**

Leiv Aarflot reiste habilitetsspørsmål. Han er fung.leiar/styremblem i Herøy Janitsjar.

Han vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL §6, 1. ledd bokstav e.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 09.04.2018**

1. Herøy Janitsjar får tilsegn om tilskot på inntil kr. 22 000 til kjøp av instrument.
2. Tilskotet kan utbetalast når det kan leggest fram kvitteringar for gjennomført prosjekt.
3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 disposisjonspost

## **PS 5/18 SØKNAD OM KULTURILSKOT - EINGONGSINVESTERINGAR, REMØY OG SÆVIK BEDEHUS**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 09.04.2018**

1. Remøy og Sævik Bedehus får tilsegn om tilskot på kr. 40 000 til skifting av kledning og vindauge.
2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre kvitteringar for gjennomført prosjekt.
3. Tilskotet skal dekkjast over 14700.4011.231 Prosjektmidlar.

## **PS 6/18 SØKNAD OM KULTURMIDLAR - EINGONGSINVESTERINGAR/PROSJEKT, HORIZONTEN TIL VEGGAR OG HIMMELEN TIL TAK**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 09.04.2018**

1. Hjertenæs bok og bilete AS får tilsegn om tilskot på kr. 10 000 i trykkestøtte til boka «Horisonten til veggjar og himmelen til tak»
2. Tilskotet kan utbetalast når det kan leggjast fram kvittering for gjennomført prosjekt
3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost

## **PS 7/18 SØKNAD OM KULTURMIDLAR - UNDERSKOTSGARANTI, KONSERT I HERØY KYRKJE 11. MAI 2018**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 09.04.2018**

1. Tone Merete Notøy får tilsegn om underskotsgaranti på inntil kr. 15 000 til konsert i Herøy kyrkje 11. mai 2018
2. Tilskotet kan utbetalast når det føreligg rekneskap for arrangementet.

3. Tilskotet skal dekkast over post 14700 4011 377 disposisjonspost

**MØTET SLUTT!**

